



PROTOKOLL

Årsmøte for Leikanger Båtlag

Stad: Leikanger Fjordhotell, mandag 10. mars 2025; etter årsmøtet

1. Orientering frå styret / leiar

- Vedlikehald av hamneanlegget føreset at medlemar stiller på dugnad.
- Ved innkalling til dugnad får ein høve til å kjøpe seg fri for kr. 2.000.
- Styret følgjer opp dugnadslistar og handtering av oppmøte / uteblitt oppmøte.
- Gruppleiar må melde frå dersom ein treng fleire på dugnadslistene.

OBS:

- Den enkelte har sjølv ansvar for stell og rydding rundt eigen båt/hengar på opplagsområdet vest for vestre hamn.
- Dei som nyttar slippen har sjølve ansvar for rydding og fjerning av avfall.

2. Dugnad 2025

Ingen store investeringar planlagt, men viktig med løpande vedlikehald av anlegget for å halde dette ved like.

Aktuelle dugnadsoppgåver:

- Rydding, stell og vedlikehald (Vegvesenet tek skråningane)
- Opplagsplass: Styret/hamnekomite fjernar av takstein og røyr m.m.
- Skrape skjel
- Materialutskifting og oljing av gjestekai + montering pullertar
- Hamnekomite gjennomfører prøveprosjekt støype og montere daumann på austre hamn A3 og vestre hamn V1.
- Støyping av høgare kant ved nedkøyring vestre hamn
- Graving, grunnarbeid og fylle i hol i veg
- Lyssøyler (styret, hamnekomite)
- Vestre hamn – setje opp treverk / fendring innside av molo
- Lysanlegg vestre hamn må på sikt bytast
- På sikt plastring, spesielt austre hamn pga. utglidning

3) Ymse

- Videoovervaking: Fire kamera montert i hamneanlegget. Jan Atle handterer dette på vegne av styret.
- Hamnekomite: Minner om at alt vert utført på dugnad. I utgangspunktet er Anders og / eller Ronny innom hamna for dagleg tilsyn og sjekk. Det vert utført jamleg kontroll av kjettingar m.m.
- Dersom nokon ser ting som å utbetrast må det gis melding til hamnekomiteen eller styret.
- Omklassering av aktuell båt vert følgt opp
- Alle medlemar vert oppmoda om å bruke klubbhuset. Lokalet kan også leigast.

- Ønskje om faste aktivitets- / medlemskveldar. Styret følgjer opp, jf. nedlegging av aktivitetsnemnd.
- Aktuelt med nedjustering av makelengde på enkelte båtplassar ved framtidig sal, for å ivareta innsegling/ferdsel.

Svein Helge Steinsåker/referent

Bjarne Sjøthun/leiar